

A top-down view of various recycled materials including glass bottles, metal cans, and plastic containers arranged in a circular pattern around a central white space.

La oss gjenvinne meir

## Selskapet sitt føremål

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM IKS) var i 2020 eigd av kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund. Det blei fastsett ny selskapsavtale for ÅRIM i 2020.

Selskapet sin administrasjon ligg i Ålesund kommune. Hovudføremålet med selskapet i 2020 var å utføre eigarkommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål.



### **Aktiviteten i 2020**

Selskapet har ansvar for innsamling av restavfall, matavfall, papir og plastemballasje samt glas- og metallemballasje frå hushalda i regionen, dette arbeidet blir i hovudsak utført med egne tilsette og materiell. Selskapet har også ansvaret for innsamling av slam frå separate avløpsanlegg i regionen, dette arbeidet blir utført av Norva 24 AS.

ÅRIM har dessutan ansvaret for ni bemanna gjenvinningsstasjonar i Ålesundregionen. Tre av stasjonane blir drivne med egne tilsette. Ppå dei øvrige stasjonane har ÅRIM avtalar med eigarkommunar eller private verksemdar om drifta.

Det er felles retningslinjer for levering i alle eigarkommunane, alle innbyggjarane i ÅRIM kan levere avfall til alle gjenvinningsstasjonane. Alle hushaldsabonnentar har fått tilsendt eit miljøstasjonkort som gir rett til fri levering av ei avgrensa mengde avfall til sortering. For levering ut over denne kvota blir det krevd inn betaling.

ÅRIM utfører renovasjonstenester for mange av verksemdene til eigarkommunane. Når ÅRIM utfører denne type oppgåver for eigarkommunane, blir det rekna som at kommunane utfører arbeidet i eigen regi; prisen ÅRIM fakturerer reflekterer dei kostnadene selskapet har ved å utføre tenestene.

ÅRIM har deltatt i den nasjonale renovasjonsbenchmarkinga i 2020. Dette er ei årleg samanlikning av renovasjonsselskap innanfor kostnadseffektivitet, gebyrnivå, arbeidsmiljø, miljøprestasjonar, tenestetilbod og omdømme.

ÅRIM oppnådde her gode eller svært gode prestasjonar på fem av seks område. Som del av samanlikninga er det i 2020 gjennomført ei kundeundersøking. ÅRIM oppnår her samla kundetilfredsheit på 77 %, ei auke frå 75 % i førre undersøking. Kundane i ÅRIM er særleg nøgd med miljøstasjonane, innsamlingstenestene og informasjonen frå selskapet.

Renovasjon for fritidsbustader inngår er som ein del av dei lovpålagde oppgåvene som ÅRIM utfører på vegner av kommunane. Selskapet har i 2020 arbeidd for å innføre eit tilbod med fullt kjeldesorteringstilbod for fleire fritidsbustader. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2021.

Selskapet handterte totalt 49 364 tonn avfall i 2020, dette var den største avfallsmengda selskapet har fått inn sidan oppstarten. Av dette kom 26 686 tonn frå innsamlingsaktivitetane medan 22 678 tonn kom frå dei ni miljøstasjonane.

88 % av avfallet var hushaldsavfall. Dette tilsvarar 408 kg avfall per årsinnbyggjar.

- 50 % av avfallet blei levert til energigjenvinning,
- 39 % blei levert til materialgjenvinning
- 4 % av avfallet blei levert til deponi.
- 6 % av avfallet var miljøfarleg avfall som blei levert til ulike formar for destruksjon,
- 1 % gjekk til gjenbruk.

Selskapet tømde slam frå totalt 9 305 slamanlegg i 2020. Dette er den høgaste aktiviteten som er registrert i selskapet sidan ÅRIM tok over ansvaret for slamtømming i 2013. Slammet ÅRIM tømmer blir kompostert og nytta til jordforbetring.

### **Konsekvensar av Covid 19-pandemien**

Tidleg i 2020 gjennomførte ÅRIM risikovurderingar av ulike delar av verksemda for å finne ut korleis ulike konsekvensar av pandemien kunne påverke drifta av selskapet. Enkelte av dei tilsette på miljøstasjonane blei vurdert å vere i risikogrupper.

I samband med nedstenginga av Noreg i mars 2020 valde ÅRIM å stenge nokre av miljøstasjonane for ein kortare periode. I april blei alle stasjonar gjenopna, men med restriksjonar på kor mange som kunne besøke stasjonane samtidig. Desse tiltaka blir vidareførte inn i 2021.

Renovasjonstenesta har blitt gjennomført som planlagt i heile 2020, men det har vore gjort endringar i oppmøtestad for tilsette for å redusere sosial kontakt. Bruk av desinfeksjon og hanskar har også blitt innskjerpa, og desse tiltaka blir vidareført inn i 2021.

ÅRIM har hatt to smittetilfelle mellom renovatørane i 2020, begge i form av importsmitte. Det er ikkje registrert smittespreiing, men i samband med det første tilfellet blei fleire renovatørar satt i karantene og testa.

Det har ikkje vore gjennomført permitteringar eller oppseiingar som følgje av pandemien. Det er heller ikkje merkbara utslag på sjukefråvær. Årsmøtet i selskapet blei utsett frå april til august, og kunne då gjennomførast som fysisk møte.

Nedstenging, permitteringar og auka bruk av heimekontor i samfunnet har ført til auka mengder hushaldsavfall og fleire besøk på miljøstasjonane. Selskapet opplevde i 2020 ein vekst i innsamla avfallsmengder på 5 %, medan avfallsmengdene på miljøstasjonane auka med 16 %.

Det var i 2020 planlagd og inngått avtalar om kjøp av anleggsmiddel for 4 551 509 kroner som på grunn av pandemien blei forseinka og først blir levert i 2021.

### **Framtidsutsikter**

ÅRIM sitt mål er å drive så kostnadseffektivt som mogleg, samtidig som selskapet tek miljøomsyn og har nøgde kundar. Det viktigaste for å få på plass dette er at oppgåver blir gjort ein gong på ein stad, å ha gode støttesystem, likt tenestetilbod og fokus på hovudtenestene.

Sidan mesteparten av selskapet sine tenester er sjølvkosttenester vil endringar i kostnadar bli reflektert i inntektene. Selskapet har fått i oppgåve å vurdere framtidig gebyrstruktur som tek høgd for nye innsamlingsløysingar. Selskapet vil ha behov for å ta opp lån for å dekke framtidige investeringar.

Representantskapet vedtok 25. april 2017 ein strategi for ÅRIM for perioden 2017 – 2025. Eit av dei fem hovudmåla i strategien er at ÅRIM skal bidra til å oppfylle dei nasjonale måla om at 50 % av avfallet i 2020 skulle gå til materialgjenvinning og gjenbruk. Som ein del av strategien har selskapet innført henteordningar for matavfall og for glas- og metallemballasje.

I 2020 oppnådde ÅRIM at litt over 40 % av avfallet gjekk til materialgjenvinning og gjenbruk. ÅRIM vil ikkje klare målet om 50 % før matavfallsinnsamling er innført i «Gamle Ålesund kommune». Ålesund kommune har varsla ein eigarstrategi for avfallsselskapa kommunen er eigar av, dette kan få innverknad på struktur og oppgåvefordeling mellom ÅRIM, Bingsa Gjenvinning-selskapa og Tafjord Kraftavarme AS.

Regjeringa la hausten 2017 fram ei ny stortingsmelding om avfallspolitikken. Meldinga blei behandla i Stortinget våren 2018. EU fastsette dessutan våren 2018 nye og meir ambisiøse mål for materialgjenvinning og gjenbruk av avfall. Desse måla og Stortinget sine vedtak om avfallspolitikken tilseier at ÅRIM må arbeide vidare i åra framover for å sikre auka gjenvinning av avfallet selskapet har ansvaret for.

## RESULTAT OG UTVIKLING

### Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 165 638 983 kroner i 2020 mot 145 183 632 kroner i 2019. Av inntektene kom 136 939 725 kroner frå hushaldsrenovasjon og slamtøming som eigarkommunane fakturerer abonnentane i 2020. I tillegg var finanspostane positive med 490 100 kroner.

### Kostnader

Driftskostnadene for året var 173 498 735 kroner, mot 149 026 574 kroner i 2019. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 88 167 764 kroner, mot 66 134 345 kroner i 2019. Auken skuldast auka mengder avfall, høg tømmeaktivitet på slam, samt inngått avtale med Ålesund kommune for tenester utført i perioden 2015 - 2018, i tillegg til auka behandlingkostnader. Kostnadene til løn og honorar var 42 992 741 kroner, mot 43 774 669 kroner i 2019.

### Resultat

Resultat er minus 7 403 404 kroner etter skatt, mot minus 3 478 424 kroner i 2019. Budsjettert resultat var på minus 5 683 519 kroner.

### Investeringar

Selskapet investerte for totalt 10 348 661 kroner netto i 2020. Det er kjøp avfallsbrønner for til saman 2 178 615 kroner. Det er kjøpt køyretøy og maskiner for til saman 7 875 334 kroner. Det er bokført samla tap ved avgang av anleggsmiddel på 385 054 kroner. Det blei tatt opp lån for å finansiere investeringane for 2020 i 2019. Dette blei gjort ettersom det var uklart når selskapet ville ha ein ny selskapsavtale på plass.

### Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2020. Dette skuldast at kommunane fakturerte forbrenningskostnadene tidleg i 2021 og at det har tatt tid å få på plass eit oppgjør av tenester som er levert. Likviditeten i 2021 er venta å vere tilfredsstillande for å dekke planlagt aktivitet. Det er lite samsvar mellom når inntektene blir innbetalt og når kostnadane blir betalt. Dette gjer at det er betydelege svingingar i løpet av året i likviditeten. Selskapet har no drive fleire år med lågare inntekter enn kostnader. Dette gjer at likviditeten blir dårlegare med tida.

### Næringsverksemd og skatt

Resultatet for næringsverksemda var i 2020 før skatt 152 133 kroner. Etter skatt var resultatet 118 380 kroner.

### Analyse

Resultatet for selskapet er 1,7 millionar kroner dårlegare enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold.

Inntektene er om lag 10,9 millionar kroner høgare enn budsjett. Dette skuldast at inntektene på hushaldsrenovasjon var 7,5 millionar kroner høgare enn budsjett, medan inntektene på slam var 0,1 millionar kroner lågare enn budsjett.

Ein tredjedel av avviket frå budsjett skuldast fakturering av kostnader i samband med papiersortering. Det var 3,5 millionar kroner meir i næringsinntekter.

Varekosten var 16,6 millionar kroner over budsjett, dette inkluderer oppgjeret med Ålesund kommune på 3,25 millionar kroner. I tillegg vart behandling av papir om lag 3,0 millionar kroner dyrare enn budsjett. Auken i avfall utgjer om lag 3,0 millionar kroner i behandlingkostnader.

For næring er varekost 4,5 millionar kroner over budsjett. Slam er 1,2 millionar kroner over budsjett. For hushaldrenovasjon er varekost 10,9 millionar kroner over budsjett. Personal- og driftskostnader er 2,5 millionar kroner under budsjett. Løn er 1,2 millionar kroner under budsjett. Dette skuldast refusjon i forbindelse med pandemien og innføringa av ny pensjonsordning frå 2020. Det er eit meirforbruk på 0,8 millionar kroner på lokale. Framande tenester er 1,8 millionar kroner under budsjett. Det er gjort avsetningar i rekneskapen for kjente krav.

Netto endring i kontantstraum i løpet av året er minus 11,8 millionar kroner. Det er eit resultat på pluss 15,5 millionar kroner frå operasjonelle aktivitetar, netto 10,3 millionar kroner er brukt på investeringar. Frå finansieringsaktivitetane er det ein effekt på minus 17,1 millionar kroner.

## SJØLVKOST

Dei lovpålagte oppgåvene ÅRIM utfører på vegne av kommunane, innsamling av hushaldsavfall og tømning av separate slamanlegg, skal utførast til sjølvkost. Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste.

Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet blir berekna etter reglar for berekning av kommunale gebyr. Desse reglane avvik frå rekneskapsresultatet for tenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til utjamningsfond og sjølvkostfond. Differansen mellom sjølvkostresultat og rekneskapsresultat desse blir tilført, eller trekt, frå annan eigenkapital.

Det er ikkje lov å bruke sjølvkostmidlar til andre oppgåver, det er heller ikkje lov å subsidiere sjølvkosttenestene med andre midlar. Selskapet må ha eigenkapital til å dekke differansar mellom sjølvkost og rekneskapsresultat. Desse differansane kan vere både positive og negative.

Det kom ny forskrift for sjølvkost gjeldande frå 1.1.2020. Forskrifta tilsvarar retningslinjene for berekning av sjølvkost som ÅRIM har nytta. Forskrifta tydeleggjorde den plikta leverandørar som leverer tenester til ÅRIM basert på sjølvkost har til å dokumentere sjølvkostkostnadane som ÅRIM skal betale.

Sjølvkostresultatet for renovasjon var minus 4 517 404 kroner i 2020 mot minus 8 610 321 kroner i 2019. Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet for hushaldsrenovasjon i 2020 var 536 097 kroner.

Sjølvkostresultatet for slamtømming var minus 3 614 401 kroner i 2020 mot pluss 2 487 304 kroner i 2019. Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet for slamtømming i 2020 var 73 924 kroner.

Med resultatet for 2020 vil fond i ÅRIM være brukt opp, eller tilnærma brukt opp ved utgangen av 2021.

## NÆRINGSVERKSEMD

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldsavfall og slam) og tenester som ikkje er sjølvkosttenester. Det skal ikkje vere noko kryssubsidiering mellom dei ulike tenestene. For ÅRIM er renovasjon og slamtøming til næringskundar næringsverksemd og dermed ikkje ein del av sjølvkosttenestene. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Der inntekter og kostnader ikkje kan førast direkte til ei av tenestene blir dei fordelte, basert på nøklar. Nøklane er mellom anna baserte på kor mange og kor store behaldarar selskapet har tømt, talet på kundar og administrasjonen sin tidsbruk.

ÅRIM si næringsverksemd er i hovudsak innsamling av næringsavfall i eigenregi, innsamling av næringsavfall på vegner av kommunane, gjenvinningsstasjonstenester, tømning av slamtankar og sal av avfall verksemdar har levert inn. Innhaldet i næringsstilbodet er tilnærma likt tilbodet til hushaldskundar, med liten grad av tilpassingsmoglegheiter.

ÅRIM fakturerer næringskundar på slamområdet etter tømning. Erfaringa er at kundane er nøgde med denne ordninga. I økonomiplanen for selskapet ligg det ikkje inne ei auka satsing på tenester til næringskundar.



## FINANSIELL RISIKO

Den finansielle risikoen som følgje av renteendringar er låg. Kapitalen i selskapet har minka i løpet av året. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er tilfredsstillande til å handtere dei oppgåvene selskapet utfører. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er likevel ikkje stor nok til å kunne handtere vesentlege negative fond, eller vesentlege endringar frå planar.

Det kan det bli ei utfordring om eigarkommunane vedtar andre tenester som har kostnader for ÅRIM. Sidan kostnadane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoen knytt til framtidige resultat i ÅRIM vere liten. Ved endringar i rentenivå og likviditetsbeholdninga kan det oppstå differansar mellom sjølvkostrekneskap og rekneskapsresultat som må dekkast av eigenkapitalen i selskapet. Eigenkapitalen i selskapet vil mest sannsynleg kunne dekke denne risikoen i økonomiplanperioden. Kredittrisikoen er liten ettersom ÅRIM har mange kundar og kvar kunde er ein liten del av omsettinga.

I økonomiplanen er det planlagd fleire investeringar i åra framover. Desse vil bli lånefinansierte og selskapet vil då bli meir påverka av endringar i marknadsrenta. Det er lagt til grunn at ÅRIM består som selskap med same kundegrnlag som no.

## MARKNADSRISIKO

ÅRIM sine kostnader og inntekter er, i tillegg til utviklinga i konsumprisindeksen og transportindeksane til Statistisk Sentralbyrå, også avhengig av prisen på avfallsbaserte råvarer, valutakursar og råvareprisar. Ved utgangen av 2020 hadde ÅRIM liten moglegheit til å påverke kostnadane for sortering og miljøstasjonstenester. ÅRIM ser det likevel ikkje som nødvendig å gjere ekstraordinære sikringar av desse.

## ANNAN RISIKO

ÅRIM har eit tett samarbeid med Bingsa Gjenvinning AS og Bingsa Gjenvinning Kommunalteknisk AS, selskapa har alle Ålesund kommune som majoritetseigar. Det har ikkje lukkast selskapa å få på plass nye leige- og behandlingsavtalar i 2020, men det pågår eit konstruktivt arbeid for å løyse dette.

ÅRIM er avhengig av avtalar med forutsigbare og konkurransedyktige vilkår for å kunne drive effektivt og halde utviklinga i gebyra nede. Det er nødvendig for ÅRIM å ha kontroll på kostnadene selskapet blir påført.

Utviklinga i lover og krav frå myndigheiter og innbyggjarane til handtering av avfall og slam behandling krev at ÅRIM planlegg og tar i bruk nye løysingar. Dette kan føre til auka kostnader. Pandemien har ført til ein uventa auke i avfallsmengdene. Det er uklart om auken vil fortsette inn i 2021, og kva som vil skje når samfunnet går tilbake til normalen. Auka avfallsmengder fører til auka kostnader.

ÅRIM vil ha lite fond ved utgangen av 2021. Dette gjer at ein må vente ei auke i prisane frå ÅRIM til kommunane, dette er innarbeidd i økonomiplanen til selskapet.

## **FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR**

I 2018 etablerte Ålesund kommune, med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune, prosjektet Smart Sirkulær By. Her deltok i tillegg til kommunen også NTNU, Tafjord Kraftvarme AS, Bingsa Gjenvinning AS og ÅRIM. Prosjektet blei avslutta i januar 2020, styringsgruppa er vidareført i heile 2020 som ein møteplass for å drøfte, styre og sette i gang felles utviklingsprosjekt innan sirkulærøkonomi i regionen. Som del av dette har ÅRIM i 2020 vore sentrale i eit forprosjekt for etablering av ettersorteringsanlegg i Ålesundregionen samt i eit prosjekt for å vurdere korleis offentlege innkjøp i regionen kan bli meir sirkulære.

Dagleg leiar i ÅRIM har i 2020 vore styremedlem i Avfall Norge og i Norsk forening for farlig avfall. Dette er bransjeorganisasjonar som arbeider for fagleg utvikling i gjenvinningsbransjen. Selskapet er også deltakar i Avfallsforsk, eit forskingssamarbeid i avfallsbransjen. ÅRIM har også tatt over sekretariatet til Avfallsforum Møre og Romsdal frå 2020.

## **SAMFUNNSANSVAR**

ÅRIM har innarbeidd omsynet til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og arbeid mot korrupsjon i alle kontraktar selskapet inngår. Selskapet følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd, og det er etablert oppfølging av leverandørane til selskapet med sikte på å få lukka alle avvik. ÅRIM er godkjend lærebedrift og har eit mål om å ha to lærlingar i gjenvinningsfaget.

Som ein del av selskapet sitt ansvar har ein også iverksett tiltak for å redusere mogleg diskriminering. Selskapet arbeider aktivt for å auke bruken av norsk språk hos tilsette. I tillegg samarbeider ÅRIM med fleire aktørar som driv med arbeidstrening. Erfaringane med dette har vore gode og selskapet vil fortsette med dette.

## YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga på tre felt:

1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM.
3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir. ÅRIM er sidan 2016 sertifisert som Miljøfyrtårn. Dette er ei frivillig ordning med ekstern sertifisering av miljøstyringa i selskapet og årleg rapportering av eigne miljøprestasjonar. Det er utarbeidd ein eigen miljørapport for selskapet for 2020. Selskapet fekk i 2020 tilsegn frå Enova til tilskot til kjøp av to elektriske renovasjonsbilar. Desse vil bli kjøpt inn i 2021.

## ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Det er gjennomført ulike former for HMS-opplæring i selskapet, og det er etablert eige arbeidsmiljøutval. ÅRIM er vidare knytt til ei verne- og helseteneste. Det er utarbeidd ein handlingsplan for HMS-arbeid i ÅRIM med vekt på å førebygge sjukdom og auke trivsel. Det er registrert to personskadar som førte til sjukefråvær i 2020, og ein skade som ikkje førte til sjukmelding. I tillegg er det registrert to nestenulukker og eit tilløp til brann. Personell frå ÅRIM inngår som innsatspersonell i industrivernet for Bingsa avfallsplass som blei etablert i 2020. Det blei gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i fleire kommunalt eigde avfallsselskap i Midt-Noreg i 2020. ÅRIM deltok i denne undersøkinga, som viste at ÅRIM var mellom dei selskapa som hadde best arbeidsmiljø. Ved framlegginga av årsmeldinga blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande.

## PERSONAL

Ved utgangen av 2020 var det 75 tilsette i selskapet, 63 menn og 12 kvinner. Dette inkluderer deltidstilsette. Det var 21 personar som slutta i 2020, av desse var 3 fast tilsette. Totalt hadde selskapet 62,8 årsverk i arbeid i 2020 mot 65,1 årsverk i arbeid i 2019, dette inkluderer mellombels tilsette. Sjukefråværet i 2020 var 4,3 %, ein auke på 0,5 prosentpoeng frå 2019. Langtidsfråværet (over 10 arbeidsdagar) utgjorde 59 % av fråværet i ÅRIM i 2020, mot 47 % i 2019.

## LIKESTILLING OG IKKJE-DISKRIMINERING

Styret har i 2020 hatt fire menn og fem kvinner. Leiargruppa i ÅRIM hadde fire menn og ei kvinne i 2020. Selskapet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral. Det har ikkje kome tilbakemeldingar på at nokon opplever selskapets personalpolitikk som diskriminerande. Kjønnsbalanse og løn er spesifisert i tabellen under.

	Menn	Kvinner	Total
Faste tilsette	47	8	55
Mellombels tilsette	2	0	3
Lærlingar	1	0	1
Vikarar og tilkallingsvikarar	13	4	17
Totalt tilsette	63	12	75
Mellombels tilsette (prosent av totalt tilsette)	3%	0%	3%
Totalt deltidstillingar	13	5	18
Deltidstilsette (prosent av totalt tilsette)	21%	42%	24%
Tilsette med foreldrepermisjon	3	0	3
Total snitt årsløn (grunnløn)	438 066	468 608	442 953

Det er ikkje gjennomført utgreiingar om ufrivillig deltid. I 2020 var det ingen kvinner som søkte på utlyste fagarbeidar- eller renovatørstillingar. Det er satt i gang ulike tiltak for å leggje til rette for betre kjønnsbalanse, mellom anna blei det starta utbygging av garderobe for kvinner som ønskjer å arbeide som renovatørar. Det er for 2021 utarbeidd ein plan for det vidare likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeidet i selskapet.

## REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det 13 medlemmar frå dei sju eigarkommunane. Representantskapet hadde to møte i 2020. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde 6 møte i 2020 og behandla totalt 55 saker.

## FORTSATT DRIFT

Etter styret si vurdering gir det framlagde resultatrekneskapen og balanse med notar eit rett bilete av verksemda sitt resultat for 2020, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

## ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

Resultatet på minus 7 403 404 kroner er fordelt på minus 7 936 390 kroner til utjamningsfond, 473 796 kroner på annan eigenkapital og 59 190 kroner som det blir foreslått å utbetale som utbytte. Av det som er overført til utjamningsfond er minus 4 391 107 kroner knytt til renovasjon, og minus 3 545 284 kroner er knytt til slam.

Totalt er utjamningsfondet for renovasjon 3 358 793 kroner, og for slam 1 267 027 kroner ved utgangen av året. Utjamningsfond og sjølvkostfond er over-/underskot for sjølvkosttenestene renovasjon og slam. Dette er abonnentane sine pengar og skal tilbakebetalast til abonnentane. Tilbakebetalinga skjer ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

Det er foreslått å betale ut utbytte. Dette er i samsvar med utbyttepolitikken om å betale ut 50 % av resultatet for næringsdrifta når dette er forsvarleg. Dette blir utbetalt til eigarane basert på eigardel i selskapsavtalen.

Styret vil takke dei tilsette for stor innsats i det året vi har lagt bak oss.

Ålesund 15. mars 2021

Reidar Andresen  
*Styreleiar*

Liv Stette  
*Nestleiar*

Annik Magerholm Fet

Monica Busengdal

Katrin Blomvik Bakken

Knut Flølo

Kenneth Langvatn

Fride Skarbø

Tom Kenneth Haugen

Øystein Peder Solevåg  
*Dagleg leiar*

Ja, det nyttar!

